



Notat

Til:

Kopi til:

Saksbehandlar: Planavdelinga/Hans Kristian Dolmen
Vår referanse: 18/1171 - 6 / Gbnr - 70/26, FA - L42
Dato: 31.05.2018

Emne: Uttale til søknad om dispensasjon

Søknaden er fremja for å gjennomføre utbetring av ny kaifront på nordre del av eigedomen, og det som er vist som delområde SPA1 i framlegg til reguleringsplan for Feste kai- og næringsområde.

Tilhøve knytt til arealet er krav om å inngå i felles plan og byggjegrænse mot sjø.

Kommuneplanens arealdel og framlegg til plan

Generelle føresegn

I arealplanes pkt.1.3 er det stilt krav om at område S21, K5 og N9 (Feste) skal inngå i felles reguleringsplan.

Framlegg til plan er under arbeid å vert lagt fram for planutval 13.6.2018. Så langt ein kan sjå er søknad er i samsvar med planskildring og dei ramme som er gitt i plandokumenta elles. Byggjegrænse vert til dømes sett i føremålsgrænse mot sjø (Område SPA1 med kaifront).

Tiltakshavar har i lengre tid gjort planavdelinga merksam på at ferdigstilling av ny kaifront nord på anlegget er viktig for kapaistet og drift særleg i sumarsesongen. Prosessen med plan er der den er og framlegget til plan vert berre lagt ut til høyring og offetntleg ettersyn før sumaren.

Me ser ikkje at søknaden er i strid eller vesentleg i strid med planføremålet som sådan sjølv om ny kaifront stikk noko ut om fyllinga som er satt som i arealplan. Området er lagt ut til kai i arealplan og da må det ha ein front mot sjø som fyller intensjonen med arealbruksføremålet.

Drifta av anlegget har i hovudsak tre bein å stå på. Sjølve nærbutikken, utleige av parkering og opplag til eigarar av frituidsbustad og det er gjestehamn og bunkersplass for eit stort tal båtfolk særleg i

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



sumarsesongen. Ei utvida og betre kai styrkar sjølvstekt anlegget sin kapasitet og bidreg til endå meir ordna tilhøve for drivar og besøkande.

Det er ingen teink i forarbeid eller oppstart av arbeidet med plan som tilseier at ikkje ramme for å byggje ny kaifront vert godkjent.

Planavdelinga kjenner ikkje bakgrunnen for at det ser slik ut i området i dag, men den reelle bruken av arealet er allereie gjeve, viss det ikkje skal fjernast. Fundamentet til ny kai ser ut til å vere bygd for ei tid tilbake etter groinga på kaipålane. Det som trengs er egentleg berre «kledning».



Oppsummert

Me har forståing for tiltakshavars ønskje om å ha utvida kaifront på plass før sumarseongen. Me ser ikkje at det er tilhøve i søknaden som eventuelt vil vanskeleggjere planarbeid eller seinare gjennomføring av plan. Sett i høve til arealbruksføremål i arealplan og føresegn.